



Ingrid Lilly Knarvik
Skrenten 64
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1948 - 17/31305

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
01.11.2017

Dispensasjon og løyve til deling - gbnr. 121/1, 121/2, 121/5 og 121/6 Knarvik

Administrativt vedtak: Saknr: 502/17

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.
Søknad om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Saksutgreiing

Planstatus, saka gjeld

søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona etter pbl § 1-8, og søknad om frådeling av areal med eksisterande kai og litt av den kommunale vegen. Arealføremålet er *LNF i Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad*. Denne planen har ikkje byggrense mot sjø, men funksjonell strandsona. Arealet er del av eit fellesareal tilhøyrande eigedommane gbnr. 121/1, 121/2, 121/5 og 121/6 som skal overdragast til Lindås kommune.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.06.2017 og supplert 25.10.2017

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 25.10.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planføresegner, kommunedelplan:

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1285071096186.pdf>

Plankart, kommunedelplan:

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1285142493544.pdf>


Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona.

Det er søkt dispensasjon med ei enkel grunngeving: At kommunen skal overta kai og vegen ned til denne.

Uttale frå anna styresmakt

Saka har vore sendt til fylkesmannen på høyring. Det har ikkje komme merknad til søknaden.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Omsøkte areal er vist på situasjonsplan motteken 20.06.2017.

VURDERING:

Naturmangfaldlova

Vurdering er ikkje relevant – ingen nye inngrep.

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempe, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at dette gjeld uendra bruk av eit areal som er og har vore brukt til trafikkføremål. Delingssaka gjeld uendra bruk av areal, og treng ikkje dispensasjon frå arealføremålet.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona.

Vurdering av pbl § 26-1

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspiktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det følj vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Arealet som skal delast frå er i samsvar med dagens bruk av området.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan motteken 20.06.2017

Konklusjon

Kommunen gjev løyve til oppretting av ny grunneigedom skilt ut frå frå gbnr. 121/1, 121/2, 121/5 og 121/6. Areal er ikkje oplyst i søknaden, men det ligg mellom 500 og 1.000 m².

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 1-8 for oppretting av ny grunneigedom frå gbnr. 121/1, 121/2, 121/5 og 121/6.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom frå gbnr 121/1, 121/2, 121/5 og 121/6 på følgande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan motteken 20.06.2017, jf. pbl. § 29-4.

Dispensasjonsvedtaket vert sendt til fylkesmannen til klagevurdering.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Saka vert oversend Geodataavdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **Saknr: 502/17**.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ove Ingve Knarvik	Knarvikgarden 71	5955	LINDÅS
VLindås kommune - vegavdelinga			

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Helge Rambjør	Knarvikgarden 61	5955	LINDÅS
Håkon Frode Veland	Hop Terrasse 26	5232	PARADIS
Ingrid Lilly Knarvik	Skrenten 64	5955	LINDÅS
Knarvik Nord Båtlag	Knarvikgarden 49	5955	LINDÅS
Laila Elisabeth Ådnes	Knarvikgarden 61	5955	LINDÅS
Sigbjørn Knarvik	Knarvikgarden 58	5955	LINDÅS